



DET KONGELEGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref
2018/7385

Vår ref
18/1617-4

Dato
2. mai 2018

Bompengereforma - Overføring av garantiar til Bompengeselskapet Ferde AS for fire bompengeprojekt

Vi viser til brev av 20. mars 2018 om overføring av garantiar til det regionale bompengeselskapet Ferde AS.

Fylkestinget gjorde den 07.03.2018, sak 13/2018, vedtak om overføring av garantiar til det regionale bompengeselskapet Ferde AS for fire bompengeprojekt. Vedtaket lyder slik:

«Hordaland fylkeskommune gjev sjølvskuldnargarantiar overfor Ferde AS til følgjande prosjekt:

1. Bergensprogrammet / Bypakke Bergen

Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 6 100 mill. kr (2017-kr).

Garantien omfattar i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.

Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2037.

2. E39 Svegatjørn-Rådal

Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 3 770 mill. kr (2017-kr)

Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2038.

3. Austevollbrua

Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 100 mill. kr.

Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2022.

4. Askøypakken

Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 1 230 mill. kr (2017-kr).

Postadresse
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.kmd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org no.
972 417 858

Avdeling
Kommunalavdelinga

Saksbehandlar
Hina Ilyas
22 24 72 63

Garantien dekkjer i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader. Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2030.»

Departementet har i eige brev godkjent overføring av garantiar til Ferde AS slik det kjem fram av fylkestinget sitt vedtak i sak 13/2018 for *E39 Svegatjørn-Rådal, Austevollbrua og Askøypakken*.

Bergensprogrammet/Bypakke Bergen

Departementet godkjente i 2014 fylkestinget sitt vedtak i sak 41/2014 om å stille sjølvskuldnargaranti for låneopptak på inntil 5 800 mill. kr. som Bergen bompengeselskap AS tok opp til finansiering av Bergensprogrammet. Garantiperioden var fram til utgangen av 2027.

Fylkestinget har gjort vedtak i sak 13/2018 om å auke garantiramma til 6 100 mill. kr. (2017-kr). Dette vart tilrådd i *Prop. 11 S (2017-2018) Finansiering av Bypakke Bergen i Hordaland*. Maksimal garantiperiode er utvida til 2037. Garantien omfattar i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.

Prop 11 S (2017-2018) vart behandla i Stortinget i desember 2017.

I medhald av kommunelova § 51 nr. 1 godkjenner departementet fylkeskommunen sitt vedtak om å stille garanti overfor Ferde AS for Bypakke Bergen slik det kjem fram av fylkestinget sitt vedtak i sak 13/2018. Dette inneber overføring av gjeldande garanti fra Bergen bompengeselskap AS til Ferde AS, samtidig som garantiramma er auka til 6 100 mill. kroner og maksimal garantiperiode er utvida til utgangen av 2037. Garantien omfattar i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.

Godkjenninga er gitt ut i frå dei føresetnadane som ligg til grunn for søknad av 20. mars 2018. Ved endringar i føresetnadane, må ny søknad om godkjenning av garanti sendast til Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Med helsing

Thor Bernstrøm (e.f.)
avdelingsdirektør

Hina Ilyas
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrive signaturar